

Møte fredag den 2. juni kl. 13.42

President: S i g v a l d O p p e b ø e n H a n s e n

D a g s o r d e n (nr. 28):

1. Innstilling frå næringskomiteen om lov om endringer i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser (Innst. O. nr. 52 (2005-2006), jf. Ot.prp. nr. 62 (2005-2006))
2. Referat

S a k n r . 1

Innstilling frå næringskomiteen om lov om endringer i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser (Innst. O. nr. 52 (2005-2006), jf. Ot.prp. nr. 62 (2005-2006))

Presidenten: Etter ønske frå næringskomiteen vil presidenten foreslå at taletida blir avgrensa til 40 minutt og fordelt med inntil 5 minutt til kvart parti og inntil 5 minutt til statsråden.

Vidare vil presidenten foreslå at det blir gjeve høve til replikkordskifte på inntil tre replikkar etter statsrådets innlegg innanfor den fordelte taletida.

Vidare blir det foreslått at dei som måtte teikne seg på talarlista utover den fordelte taletida, får ei taletid på inntil 3 minutt.

– Det er vedteke.

Gunvor Eldegard (A) [13:42:50] (ordfører for saka): Offentleg sektor gjer kvart år innkjøp for 240 milliardar kr. Regjeringspartia meiner difor det er samfunnsøkonomisk viktig at me har eit godt regelverk for offentlege innkjøp, som stimulerer til gode og effektive innkjøp. Dette utgjer ein viktig marknad, og det er viktig å vareta omsynet til konkurranse, spesielt i forhold til nyetablerte og mindre verksemder.

I dag skal me handsama Ot. prp. nr. 62 om endringar i lova om offentlege innkjøp.

Lova er eit sentralt verkemiddel for å sikra at det offentlege opptrer med høg integritet, slik at allmenta kan ha tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnsmessig riktig måte. Komiteen meiner difor det er føremålstenleg at det no kjem ei tilføyning i føremålsparagrafen som framhevar dette omsynet.

I odelstingsproposisjonen vert det synt til at Riksrevisjonen har avdekt at ei rekkje kjøp av varer og tenester skjer utan konkurranse, i strid med regelverket. I proposisjonen kjem det òg fram at det truleg er manglande forståing for og kjennskap til regelverket som ligg bak dei fleste tilfella av brot på innkjøpsreglane. Dette syner at det er behov for auka kompetanse på dette området, men det syner òg at det er eit komplisert og vanskeleg regelverk vi har med å gjera, og det er lett å trå feil.

Hovudforslaget i proposisjonen er ein heimel til å gje gebyr ved ulovlege direkte innkjøp. Me støttar forslaget om å innføra eit slikt overtredingsgebyr for å sikra større etterleving av regelverket. Me støttar at det vert fastsett

ein maksimumssats på 15 pst. av anskaffingsverdien for gebyret, og at storleiken på gebyret må vurderast i lys av kor alvorleg brotet er. Komiteen er samd i at overtredingsgebyret berre bør ileggast ved forsettlege og grovt aktlause eller gjentekne brot på regelverket, og understrekar at maksimalsatsen på 15 pst. berre bør brukast i svært alvorlege tilfelle.

Fleirtalet er samd med Regjeringa i at handhevinga av gebyret bør leggjast til det organet som har høgast kompetanse på området. Fleirtalet støttar difor forslaget om at handhevingsmyndigheita vert lagd til Klagenemnda for offentlige anskaffelser, KOFA. Me registrerer at mange høyringsinstansar har vore negative til at KOFA skal ha denne rolla, men me vil syna til at denne regjeringa har varsla at KOFA skal evaluerast, og i den samanhengen vil ein bl.a. vurdere kva slags oppgåver KOFA skal ha i framtida. Mindretalet har m.a. vore bekymra for at KOFA har mange saker å behandla, og at det er lang sakshandsamingstid. Men no har Regjeringa i revidert nasjonalbudsjett foreslått å styrkja KOFA med 1,5 mill. kr., noko som vil auka kapasiteten og hjelpa til at regelverket vert etterlevt. Ei anna viktig endring me no vedtek i regelverket, er at offentlege innkjøparar skal vurdere omsynet til universiell utforming på same måten som omsynet til miljø- og livssyklus-kostnader når dei planlegg sine innkjøp. Dette vil medverka til auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne og er difor ei viktig endring.

Under høyringa vart det frå fleire framstilt ønske om ei forsterking av plikta til universell utforming. Men me finn det ikkje tenleg å forsterka dette ytterlegare no. Me meiner at endringane som no vert gjorde i lova, vil vareta omsynet på ein god måte.

Me er elles opptekne av å ha ein sterk og effektiv offentlig sektor, som gjev innbyggjarane gode tenester av høg kvalitet. På sikt er det eit mål for Arbeidarpartiet å forenkla regelverket for offentlege innkjøp, som av mange vert opplevt som komplisert og firkanta. Det er lett å trå feil for offentlege innkjøparar, sjølv om ein har dei beste intensjonane. Det er difor viktig at det vert satsa på kompetansetiltak på dette området. Departementet lagar no ein ny rettleiar til regelverket, og det er eit viktig arbeid.

Det er òg naudsynt å leggja til rette for møteplassar for innkjøparar og leverandørar der ein gjev kvarandre informasjon om verksemda og forretningsmoglegheiter, innanfor dei moglegheitene regelverket gjev. Gode innkjøpsrutinar gjev profesjonelle innkjøparar, og det er bra for næringslivet og for samfunnet elles. Som innstillinga syner, er det stor semje om dette forslaget. Usemja går berre på kven som skal vera handhevingsorgan for gebyret. Elles er det stor semje i komiteen om dei andre endringane.

Eg tilrår med dette innstillinga til Ot.prp. nr. 62.

Kåre Fostervold (FrP) [13:48:03]: Denne saken handlar i det store og hele om tillit – tilliten private næringsdrivende skal ha til at anbudsprosesser i offentlig sektor skjer på en korrekt måte, og tilliten befolkningen skal ha til at bruken av de midler det offentlige forvalter på vegne av innbyggerne, skjer på en best mulig måte. En rekke under-

søkelser som er gjort rundt offentlige anskaffelser, har dessverre vist at det har forekommet gjentatte brudd på denne tilliten som er gitt de ulike offentlige etater.

Regelverket for offentlige anskaffelser er omfattende, men det faktum må aldri bli en unnskyldning for at innkjøpsprosesser foregår på en kritikkverdig måte. Det er det offentliges ansvar å ansette eller utdanne kompetent personell som skal sørge for at innkjøp foregår på en korrekt måte. Det er derfor av stor betydning at det nå legges inn nye sanksjonsmuligheter som kan fungere som et ris bak speilet, og som viser at Stortinget tar dette problemet på alvor.

Selv om det er en enstemmig komite som mener at det må utøves skjønn i vurderingen av overtredelsesgebyr, mener Fremskrittspartiet at det er viktig at denne skjønnsvurderingen må utøves snevert, slik at man ikke får en uholdbar praksis i forhold til likebehandling. Jeg håper derfor departementet utarbeider klare retningslinjer for utøvelse av skjønn i den videre prosessen denne saken vil få. Det er positivt at innstillingen også legger vekt på å synliggjøre hensynene til universell utforming i anskaffelsesreglementet. På denne måten viser vi at det er viktig at vi prioriterer innkjøp på en slik måte at det øker muligheten for bruk og deltakelse for alle i samfunnet vårt.

Så har jeg kommet til det punktet der komiteen deler seg i to: Hvem skal håndheve regelverket om offentlige anskaffelser og ha muligheten til å kunne ilegge overtredelsesgebyr?

KOFA gjør en viktig jobb for å bistå det offentlige og private næringsliv i arbeidet med å foreta korrekte anbudsprosesser. KOFA fungerer som rådgivere og veiledere og er avhengig av tillit fra partene og av å ha tilgang til all informasjon rundt innkjøpsprosesser for å vurdere om disse foregår på en korrekt måte. Ved å gi KOFA ansvaret for håndheving av et overtredelsesgebyr kan man få et resultat der informasjon blir tilbakeholdt, fordi man frykter at om man gjør noe galt i prosessen, kan man bli straffet for det. Bli dette ansvaret gitt til KOFA, vil man kunne få en situasjon som kan sammenliknes med at man i en rettsak ansetter dommeren som advokat. Fremskrittspartiet mener derfor at det å gi KOFA ansvaret for håndhevelse av overtredelsesgebyret vil være svært uheldig og svekke KOFAs rolle som rådgiver.

Vi mener det er mer riktig å legge dette ansvaret hos Konkurransetilsynet. Konkurransetilsynet er kjent med denne type problemstillinger, og de har erfaring med bruk av sanksjonsmidler. Samtidig har Konkurransetilsynet den autoriteten som skal til for å håndheve regelverket.

Til slutt vil jeg bare vise til det høringsinstansene har sagt om dette spørsmålet. 62 av 68 høringsinstanser mener at dette ansvaret bør legges til Konkurransetilsynet. Det er hele 91 pst. Det er derfor overraskende, etter å ha hørt argumentasjonen i en debatt vi hadde i denne salen i går om jordloven, at det samme flertallet som viste til det å respektere høringsinstansene i den saken, nå fullstendig ignorerer høringsinstansene i denne saken. Ja, selv det faktum at KOFA-leder Bjørg Ven ikke ønsker dette oppdraget, ser ut til å påvirke flertallet fra Arbeiderpartiet,

Senterpartiet og SV. Det er det man på folkemunne kaller stahet!

Vel, representanten Eldegard gav vel en god forklaring på flertallets innstilling i denne saken da hun i Dagens Næringsliv den 24. mai i år uttalte:

«Det er dette regjeringen har gått inn for, og vi går som regel ikke imot regjeringen.»

Vel, om det å gå imot sin egen regjering er regelen eller unntaket for tiden, er jeg litt usikker på. Jeg skal ikke blande meg inn i debatten om hvem som egentlig styrer dette landet, men jeg vil bare understreke at jeg synes at flertallets begrunnelse for å legge håndhevingen av gebyret til KOFA er litt tynn.

Jeg vil til slutt på vegne av Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre ta opp forslaget fra mindretallet som står i innstillingen.

Presidenten: Representanten Kåre Fostervold har teke opp det forslaget han refererte til.

Torbjørn Hansen (H) [13:53:11]: Jeg vil starte med noe som kanskje er litt uvanlig fra dette hold, nemlig å gi ros til Regjeringen og fornyingsministeren fra Sosialistisk Venstreparti. I proposisjonen foreslår Regjeringen en sterk økonomisk straffesanksjon mot kommuner som bryter innkjøpsregelverket. Dette er etter min mening en utmerket oppfølging av arbeidet til den forrige regjeringen og et helt sentralt virkemiddel for å sikre bedre disiplin i kommunenes oppfølging av regelverket for offentlige innkjøp.

Det sier seg selv at en kommune som kan risikere inntil 15 pst. straffegebyr av hele kontraktsbeløpet for brudd på innkjøpsregelverket, legger seg litt i selen for å følge opp regelverket. Dermed oppnår næringslivet en større grad av åpenhet, en større grad av likebehandling og mer rettferdig konkurranse i forbindelse med offentlige innkjøp.

At brudd på innkjøpsregelverket fra kommunenes side har vært et stort problem for næringslivet, viser køen av klager inn til Klagenemnda for offentlige anskaffelser. Behandlingstiden i KOFA har økt kraftig i den siste tiden og er blitt uakseptabelt lang. Samtidig får veldig mange klagere medhold. Det viser at kommunenes oppfølging av innkjøpsregelverket har vært meget dårlig.

Jeg vil også gi ros til Regjeringen for at den styrker saksbehandlingskapasiteten i KOFA. Dette er en sak som Høyre har engasjert seg i og tatt fatt i, og det er bra at Regjeringen følger opp i revidert budsjett med 1,5 mill. kr ekstra for å øke saksbehandlingskapasiteten.

I denne saken er Høyre med på et mindretallsforslag som går ut på at Konkurransetilsynet skal få oppgaven med å utstede overtredelsesgebyr. Regjeringen har foreslått å legge dette til KOFA. Høyre har vurdert begge alternativer som brukbare, men det har kommet sterke signaler fra en lang rekke høringsinstanser og fra KOFA selv. Vi legger som kjent litt vekt på hva høringsinstanser mener i saker i Stortinget, og KOFA er et rådgivende organ som skal bistå det offentlige og private i arbeidet med å foreta korrekte anbudsrunder. Da kan det være litt uheldig hvis dette organet også skal pålegges oppgaven med å ut-

stede straffegebyr til de involverte aktører. Dette kan i verste fall svekke KOFA's tillit hos sine oppdragsgivere, og arbeidet kan av den grunn bli vanskelig.

Konkurransetilsynet har i dag ansvaret for utstedelse av overtredelsesgebyr ved brudd på konkurranseloven, og vil etter vår mening lett kunne ta dette arbeidet også i forbindelse med brudd på regelverket om offentlige innkjøp.

Ingvild Vaggen Malvik (SV) [13:56:01]: Jeg er enig med statsråden i at det å gjøre hensynet til universell utforming synlig i loven er et viktig forslag i proposisjonen. Ambisjonen og visjonen som statsråden har om at alle produkter, tjenester og bygninger skal planlegges slik at de kan bli brukt av så mange som mulig, uavhengig av eventuell funksjonshemming, er veldig bra.

I Soria Moria-plattformen heter det:

«Regjeringen vil (...) øke satsingen på ny universell utformet teknologi.»

Jeg ser på statsrådets framlegg her i dag som et viktig bidrag og et skritt i riktig retning for å oppfylle disse forventningene.

Jeg vil også hilse velkommen den varslede evalueringen av KOFA, Klagenemnda for offentlige anskaffelser, som statsråden legger opp til. Vi vet at en økende klageinngang har ført til økt aktivitet for KOFA, og at dette bl.a. var bakgrunnen for at KOFA fikk økt tilskuddet i revidert budsjett for 2006.

En evaluering er som oftest av det gode for å få en virkelighetsoppfatning og eventuelt skaffe seg grunnlag for endringer og nyorientering – så også i dette tilfellet.

Jeg vil be statsråden om å ta med seg i denne evalueringen at et økende antall klager også kan være et uttrykk for økende antall tapere i en stadig mer skjerpet konkurranse. Således er det ingenting overraskende i denne utviklingen. Det viktigste av alt: Det illustrerer tidligere gjentatte poenger fra SVs side om at en skarp konkurransepolitikk gjerne kommer i kombinasjonen konkrete ekstrakostnader og teoretiske innsparingsmuligheter.

Med utgangspunkt i konkurransekostnader bør derfor Regjeringen i framtiden være forsiktig med å videreføre KOFA med en funksjon hvor det blir en for lav terskel for å reise privat klagesak i enhver sak om offentlige innkjøp hvor noen har tapt konkurransen.

De verdiene som står mot et klageorgan med en svært lav terskel, er tre forhold:

For det første økt byråkrati og offentlige kostnader, penger som kunne vært brukt på å utvikle velferd for alle, framfor å betale klagebehandlere som skal ta imot klager fra alle som synes de er urettferdig behandlet fordi de har tapt.

For det andre så understøtter hele dagens innkjøpsregime et system hvor det offentliges valgfrihet til selv å velge oppdragsgiver svekkes. Offentlige innkjøp bør kunne skje uten at innkjøper hele tiden må risikere å bli trenert av alle som alltid vil føle at de er urettferdig behandlet i en konkurranse.

For det tredje så understøtter dette anbudsbyråkratiet, som vi etter hvert har etablert i Norge, et system hvor det

offentlige er innkjøper, mens det private leverer tjenestene. Dette mener jeg har vært en feil utvikling.

Vi kjøper inn for over 200 milliarder kr i året. Jeg mener Regjeringen bør ha med seg at mange av disse innkjøpene – med kostbare anbudsrunder og klagerunder på kjøpet – kunne vært unngått ved at offentlig sektor i større grad utførte mange av disse oppgavene selv.

Det kunne derfor ha vært interessant om Regjeringen kunne kartlegge hvilket omfang av offentlige innkjøp i dag kunne ha vært utført av det offentlige selv, for å spare tid og penger og for å slippe unna kostbare anbudsrunder.

Björg Tørresdal (KrF) [13:59:19]: Kristelig Folkeparti er enig i at offentlige innkjøpere bør vurdere hensynet til universell utforming, og vi er glad for at den dimensjonen tas inn i loven. I Kristelig Folkeparti har vi programfestet at vi vil forsterke kravene til universell utforming ved offentlig planlegging, og innkjøpsordningene underbygger dette.

Som det er sagt gjentatte ganger tidligere i debatten, er det bred enighet i denne saken, med ett unntak. Riksrevisjonen har avslørt en praksis som er i strid med regelverket for offentlige anskaffelser. Kristelig Folkeparti er derfor enig i å innføre et overtredelsesgebyr mot ulovlig direkte innkjøp. Denne sanksjonsmuligheten gir forhåpentligvis større etterlevelse av reglene. Der uenigheten i komiteens innstilling kommer fram, er når det gjelder hvem som skal håndheve reglene om overtredelsesgebyr. Her kan jeg bare kort si at Kristelig Folkeparti støtter mindretallet i komiteen i at Klagenemnda for offentlige anskaffelser ikke bør gjøre dette, men at det heller legges til Konkurransetilsynet.

Gunvald Ludvigsen (V) [14:00:43]: Det er egentlig trist at det skal vere nødvendig å gjere innskjerpingar i lov om offentlege anskaffingar. Ein skulle tru at alle offentlege tenestemenn ville vere ivrige etter å finne den absolutt billegaste måten å kjøpe inn varer og tenester på, slik at det blir mest mogleg igjen til innbyggjarane som ein skal tene.

Men når Riksrevisjonen har avdekt manglande oppfølging av regelverket, og statistikk frå den obligatoriske kunnskapsbasen DOFFIN og rapporten frå arbeidsgruppa som vart nedsett for å gjennomgå innkjøp, viser det same, må ein sjå på kva som kan gjerast for å få dei som er ansvarlege for kjøp av varer og tenester i det offentlege, til å halde seg til reglane om konkurranseutsetjing.

Departementet har føreslått gebyr når nokon ikkje følgjer regelverket. Venstre støttar ein slik reaksjonsmåte når det er snakk om grove brot på reglane. I tillegg ønskjer Venstre at det blir gjeve god informasjon og opplæring. Vi trur at mange av lovbrotta kjem på grunn av manglande kompetanse hos dei som har ansvaret, innkjøparane.

Venstre trur òg at både innskjerping av reglane, gebyr og auka opplæring vil føre til at meir blir konkurranseutsett, og dermed blir det meir pengar igjen i det offentlege å kjøpe varer og tenester for. Vi meiner difor at det ikkje er noko godt argument at gebyr vil føre til større utgifter for offentlege organisasjonar.

Det har, som mange har nemnt, vore usemje om kven som skal behandle brot på regelverket og handheve eventuelle gebyr. Departementet meiner det skal vere KOFA, som allereie behandlar enkelte saker om ulovlege direkte innkjøp, for å spare oppbygging av ein ny organisasjon. Dette trass i, som vi har høyrte i debatten i dag, at både KOFA sjølv og dei fleste høyringsinstansane meiner at dette ikkje er noka god løysing.

Venstre støttar mindretalsforslaget. Vi ønskjer å legge dette arbeidet til Konkurransetilsynet, slik som også arbeidsgruppa har gått inn for. Venstre meiner det er uheldig viss KOFA skulle få svekt tillit hos sine oppdragsgjevarar ved at KOFA også blir pålagt å handheve regelverket for offentlege innkjøp.

Statsråd Heidi Grande Røys [14:03:27]: Lat meg få starte med å seie at eg er veldig glad for den breie støtta som nesten alle forslaga og innhaldet i odelstingsproposisjonen får av Odelstinget i dag. Det er for så vidt viktig med ei brei semje på dette området, fordi, som fleire har vore inne på, stat og kommune handlar for over 200 milliardar kr kvart einaste år, i hovudsak frå norske næringsdrivande. Difor er det viktig at vi har eit godt regelverk som støttar opp om det å bruke desse pengane på ein samfunnsøkonomisk god og effektiv måte. Lov om offentlege innkjøp skal altså medverke til det.

Etter mi meining er reglane om offentlege innkjøp òg eitt av fleire tiltak som kan førebyggje kameraderi og korrupsjon. Det står ikkje i lova i dag at ho er eit verkemiddel for å hindre korrupsjonslikande innkjøpspraksis. Så for å sende eit klart signal om at krav til etisk framferd er viktig ved offentlege innkjøp, har Regjeringa lagt fram eit forslag om ei tilføyning i lova. Det skal no gå fram av formålsparagrafen at reglane skal gi folk tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein måte som gagnar samfunnet. Det er ikkje fordi ein trur at dei aller fleste offentlege innkjøparane sit og gjer det motsette, men det er for å støtte opp om ein god kultur der dei aller fleste, og helst alle, i framtida held seg innanfor regelverket.

Eit viktig forslag i proposisjonen er ein heimel til å gi gebyr ved ulovlege direkte innkjøp. Som fleire har vore inne på, har Riksrevisjonen avdekt at mange kjøp av varer og tenester skjer utan konkurranse, i strid med reglane. Eg vil som førre talar understreke at regelbrot kan ha ulike årsaker, f.eks. manglande kunnskap. Det er difor viktig at leiarar i offentlege verksemder satsar på kompetanseheving. Vi veit at KS arbeider med å betre oppfølginga og forståinga av reglane i kommunane. I tillegg har mitt departement akkurat starta arbeidet med ein ny rettleiar til regelverket. Departementet vil òg greie ut behovet for å styrkje tilbodet om rådgiving. Alt dette er tiltak som vil medverke til at regelverket vert etterlevt i større grad.

Det er likevel viktig at medvitne og overlagde brot får konsekvensar. Framlegget om sanksjon inneber at verksemder som gjer direkte ulovlege innkjøp, kan verte straffa med eit gebyr på inntil 15 pst. av innkjøpet sin verdi. Formålet er å sikre at innkjøparar i større grad følgjer regelverket, og å hindre korrupsjonsliknande praksis.

Regjeringa foreslår at kompetansen til å gje pålegg om gebyr vert lagd til Klagenemnda for offentlege innkjøp, KOFA. Mange høyringsinstansar har vore negative til det, og det er òg her komiteen deler seg i et fleirtal og eit mindretal. Mindretalet har m.a. peika på at det vil føre til at nemnda mister tilliten som eit objektivt, uavhengig og rådgjevande organ. Regjeringa er ikkje einig i det. Nemnda si stilling som eit uavhengig og objektivt organ vert ikkje endra av at ho får kompetanse til å fatte vedtak på eit avgrensa område. Når det gjeld nemnda si stilling som eit rådgjevande organ, vert det ført vidare for alle andre saker enn klager på ulovlege direkte innkjøp.

Nemnda har fungert i over tre år, og har gjennom si behandling av over 900 saker gjeve viktige bidrag til regelavklaring og heving av kompetansenivået. Difor meiner Regjeringa at vi skal satse vidare på den kompetansen og den posisjonen som KOFA har skaffa seg på dette området. Konkurransetilsynet har ikkje kompetanse på innkjøpsregelverket – det er det KOFA som har. Skulle ein her ha lagt ansvaret til Konkurransetilsynet, så har dei rett nok oversikt over gebyr, men då måtte ein ha bygt opp ein kompetanse på lov om offentlege innkjøp. Det ville ikkje vere formålstenleg, slik vi vurderer situasjonen i dag.

Eg viser til, noko også saksordføraren var inne på, at Regjeringa i revidert nasjonalbudsjett styrkjer KOFA med 1,5 mill. kr for å få ned ventelister og restansar på saker som dei har til behandling. Eg vil òg vise til at vi kjem til å føreta ei evaluering av KOFA. Eg meiner at vi ikkje skal gjere denne usemja om plasseringa av ansvaret for overtredingsgebyret større enn ho er. Eg har varsla at når vi har gjort denne evalueringa av KOFA, skal vi ta stilling til kvar vi skal leggje ansvaret for gebyret. Til så lenge står vi på det som ligg i proposisjonen.

Eit anna framlegg, som fleire har vore inne på òg, er at vi gjer omsynet bak universell utforming meir synleg i lova. Det ligg her ein ambisjon om at alle produkt, tenester og bygningar skal planleggjast slik at dei kan verte brukte av så mange som mogleg, inkludert funksjonshemma. Det er viktig.

Eg ser at tida går, så eg vil til slutt orientere Odelstinget om noko eg beklagar, nemleg at den planlagde gjennomføringa av dei nye forskriftene om offentlege innkjøp frå 1. juli vert utsett. Dette kjem av at innkjøpsdirektiva frå EU ikkje formelt har vorte innlemma i EØS-avtala enno. Vi har gjort vår jobb, men vi ventar på fleire EFTA-land. Det eg håpar på no, er at EFTA-landa gjer denne jobben i haust, slik at forskriftene kan setjast i verk frå nyttår.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Kåre Fostervold (FrP) [14:09:04]: Mitt spørsmål til statsråden gjelder det temaet som splitter komiteen.

Statsråden prøvde å redegjøre for hvorfor håndhevelsen av gebyret skal legges til KOFA. Jeg synes ikke statsråden kom med klare og gode begrunnelser for dette, og spør derfor igjen: Hvorfor må dette legges til KOFA, og mener statsråden at nesten alle høyringsinstansane, og KOFA, tar feil, og at det kun er departementet som er lurt og smart nok til å forstå det? Og frykter ikke statsråden at dette vil svekke tilliten til KOFA?

Statsråd Heidi Grande Røys [14:09:37]: Nei, eg gjer ikkje det, sjølv om eg ser at veldig mange av høyringsinstansane har det motsette synet. Nemnda og sekretariatet har i dag den nødvendige kompetansen på innkjøpsregelverket. Nemnda består av høgt kvalifiserte juristar med bakgrunn som dommarar, professorar og advokatar.

Alternativet, som eg sa, til å leggje det til KOFA, ville vere å leggje det til Konkurransetilsynet, som ikkje har kompetanse på innkjøpsregelverket. Då må ein byggje opp eit kompetansemiljø i Konkurransetilsynet som ein pr. i dag ikkje har. Og i høve til kva? Vi snakkar ikkje om at det vil kome eit renn av saker, det er det vi forsøker å unngå – her skal det ikkje kome så mange saker, rett og slett fordi folk skal overhalde regelverket. Det vil vere eit fåtal saker. Å byggje opp eit helt nytt kompetansemiljø i Konkurransetilsynet og så skilje sakene, slik at alle andre saker framleis skal behandlast av KOFA, mens akkurat desse få skal liggje hos Konkurransetilsynet, det meinte ikkje vi var hensiktsmessig slik situasjonen er no.

Så har eg sagt at når denne evalueringa av KOFA ligg føre, skal eg ha ein gjennomgang av både kva oppgaver KOFA har i dag, og kva slags kompetanse dei har, og så får vi sjå om vi framleis står på dette vedtaket. Eg synest ikkje vi skal gjere dette til ei større usemje enn det det er. KOFA har svært god kompetanse til å gjere den jobben, og vil gjere det etter beste evne.

Presidenten: Fleire har ikkje bedt om ordet til replikk.

Dei talarane som heretter får ordet, har ei taletid på inntil 3 minutt.

Øyvind Korsberg (FrP) [14:11:26]: Jeg skal ikke bruke så lang tid.

Det er bare én taler jeg har savnet her i dag, og det er representanten Steinar Gullvåg. Årsaken til at jeg har savnet ham i denne debatten, er at han i gårldagens debatt gjorde et stort poeng av hvor viktig det var å følge høyringsinstansene. Det var et veldig avgjørende prinsipielt syn for ham.

Som representanten Fostervold sa i sitt innlegg, har altså 91 pst. av høyringsinstansene uttalt at dette burde legges til Konkurransetilsynet. Da vil jeg gjerne ha Gullvågs forklaring på hvorfor han akkurat i denne saken ikke vil følge de entydige og helt klare høyringssignalene som har kommet.

Presidenten: Den forklaringa kjem no!

Steinar Gullvåg (A) [14:12:32]: I motsetning til Framskrittspartiet, som utelukkende synes at de høyringsinstansene man er enig med, skal tillegges vekt, mener jeg faktisk at alle høyringsinstansene bør tillegges vekt i slike saker som dette. Derfor har vi fra flertallets side lagt betydelig vekt på de 90 pst. av høyringsinstansene som har gått inn for at Konkurransetilsynet skal få håndhevingsansvaret for dette gebyret. Vi har nå også fått statsrådens klare løfte om at man faktisk skal evaluere KOFAs rolle i håndhevingsinstituttet i fortsettelsen, og vi tar statsråden på ordet og går ut fra at det vil skje. Så får vi se hva resultatet etter hvert blir.

Gunvor Eldegard (A) [14:13:53]: Eg har lyst til berre å koma med ein kommentar til Kåre Fostervold.

Representanten Fostervold seier at det er det offentlege sitt ansvar å gjera korrekte innkjøp. Ja, klart me er einige om det – det er alle einige om.

Så er det også eit ansvar, meiner eg, for Stortinget å laga reglane handterlege, og så synest eg at dei skal vera greie å etterleva, for det er jo det viktigaste, men me skal òg vera med på å effektivisera og fornya offentleg sektor.

Det har vore stor semje i denne saka. Som saksordførar synest eg det har vore veldig bra. Vi er ueinige om om det skal leggjast til KOFA eller ikkje. Eg vil berre referere til den evalueringa, og eg reknar med at når ho kjem, får me ho til behandling i komiteen.

Presidenten: Fleire har ikkje bedt om ordet.
(Votering, sjå nedanfor)

Etter at det var ringt til votering i 5 minutt, uttalte **presidenten:** Odelstinget går da til votering.

Votering i sak nr. 1

Presidenten: Under debatten har representanten Kåre Fostervold på vegner av Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre fremma følgjande forslag:

«I lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser gjøres følgende endringer:

Ny § 7c skal lyde:

Konkurransetilsynet skal ha myndighet til å fatte vedtak om overtredelsesgebyr etter § 7b.

§ 7a første ledd annet punktum utgår.»

V o t e r i n g :

Forslaget frå Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre blei med 42 mot 33 røyster ikkje vedteke.
(Voteringsutskrift kl. 14.22.30)

Presidenten: Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre har varsla at dei subsidiært vil støtte innstillinga til § 7a første ledd anna punktum.

Komiteen hadde rådd Odelstinget til å gjere slikt vedtak til

I o v

om endringer i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser

I

I lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser skal følgende bestemmelser lyde:

§ 1 Formål

Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. *Regelverket skal også bidra*

til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

§ 2 Oppdragsgivere som er omfattet

Loven gjelder for statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer. Loven gjelder for rettssubjekter som driver virksomhet innenfor forsyningssektorene, i den utstrekning dette følger av internasjonale forpliktelser og forskrifter gitt i medhold av loven. Loven gjelder også for andre rettssubjekter i saker om bygge- og anleggskontrakter, dersom det offentlige yter tilskudd på mer enn 50 prosent av kontraktens verdi.

Kongen kan gi nærmere bestemmelser om hvilke oppdragsgivere som er omfattet av loven.

Kongen kan gi nærmere bestemmelser om lovens anvendelse på Svalbard og fastsette særlige regler av hensyn til de stedlige forhold.

§ 6 Livssyklus kostnader, universell utforming og miljø

Statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal under planleggingen av den enkelte anskaffelse ta hensyn til livssyklus kostnader, universell utforming og miljømessige konsekvenser av anskaffelsen.

§ 7 annet ledd

Inntil kontrakt er inngått, kan retten sette til side beslutninger som er truffet under en anskaffelsesprosedyre når beslutningen er i strid med bestemmelser i denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven. Dette gjelder likevel ikke for beslutninger som er truffet under anskaffelsesprosedyrer innenfor forsyningssektorene.

§ 7a første ledd

Kongen kan opprette et rådgivende organ for løsning av tvister om rettigheter og plikter etter denne lov og forskrifter hjemlet i denne. Organet skal ha myndighet til å fatte vedtak om overtredelsesgebyr etter § 7b.

§ 7b Overtredelsesgebyr

En oppdragsgiver kan ilegges overtredelsesgebyr dersom oppdragsgiveren eller noen som handler på dennes vegne, forsettlig eller grovt uaktsomt foretar en ulovlig direkte anskaffelse. Med ulovlig direkte anskaffelse menes en anskaffelse som ikke er kunngjort i henhold til reglene om kunngjøring i forskrifter gitt i medhold av loven.

Ved avgjørelsen av om overtredelsesgebyr skal ilegges og ved fastsettelsen av gebyrets størrelse, skal det særlig legges vekt på overtredelsens grovhet, størrelsen på den ulovlige anskaffelsen, om oppdragsgiveren har foretatt gjentatte ulovlige direkte anskaffelser og overtredelsesgebyrets preventive virkning. Overtredelsesgebyret kan ikke settes høyere enn 15 prosent av anskaffelsens verdi.

Vedtak om overtredelsesgebyr kan ikke påklages. Overtredelsesgebyret forfaller til betaling to måneder

etter at vedtak er fattet. Adgangen til å ilegge gebyr bortfaller to år etter at kontrakt er inngått. Fristen avbrytes ved at tvisteløsningsorganet meddeler oppdragsgiver at det har mottatt en klage med påstand om ulovlig direkte anskaffelse.

Vedtak om overtredelsesgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg med de begrensninger som følger av tvangsfullbyrdelsesloven § 1-2.

Retten kan prøve alle sider av saken. Adgangen til å begjære en sak prøvet for retten, gjelder også for statlige myndigheter og organer.

§ 8 annet ledd første punktum

Ved begjæring om midlertidig forføyning mot overtredelser under anskaffelsesprosedyrer innenfor forsyningssektorene kan det heller ikke før kontrakt er inngått, avsluttes midlertidige forføyninger som nevnt i tvangsfullbyrdelsesloven § 15-8 første ledd.

§ 11 første ledd

Kongen kan ved forskrift gi bestemmelser til utfylling og gjennomføring av loven. Kongen kan gi oppdragsgivere de pålegg som er nødvendige for å sikre oppfyllelse av denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven. Overfor andre oppdragsgivere enn statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer kan det likevel bare gis pålegg som er nødvendig for å oppfylle Norges forpliktelser overfor fremmede stater eller internasjonale organisasjoner om offentlige anskaffelser.

II

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer.

V o t e r i n g :

Tilrådinga frå komiteen vart samrøystes vedteken.

Presidenten: Det blir votert over overskrifta til lova og lova i det heile.

V o t e r i n g :

Overskrifta til lova og lova i det heile vart samrøystes vedtekte.

Presidenten: Lovvedtaket vil bli sendt Lagtinget.

S a k n r . 2

Referat

Presidenten: Det ligg ikkje føre noko referat. Ber nokon om ordet etter forretningsordenens § 37a før møtet blir avslutta? – Det er ikkje skjedd.